

# surnadal kulturhus

Salg av billetter i resepsjonen på kulturhuset.

Alle dager – 24.t. – tlf. 71 65 71 00

Kiosken opnar 1 time før forestillingar. – tlf. 71 65 71 08

Billettsalg på nett: [www.surnadal-kulturhus.no](http://www.surnadal-kulturhus.no)

E-post: [post@surnadal-kulturhus.no](mailto:post@surnadal-kulturhus.no)



NYTTÅRSKONSERT



IDRETTENS FESTKVELD



«ERVINGEN»



SURNADAL


[www.varsog-hotell.no](http://www.varsog-hotell.no)

Kulturkalenderen – januar 2013



# På Kino

## Aktuelle filmar i januar



### JACK REACHER

Krim/Drama 2 t. 10 min. 15 år

Gjer deg klar for Jack Reacher (Tom Cruise) - ein av dei kulaste romanheltane som nokonsinne har teke steget inn i filmverda. Når ein våpendesperado tek fem liv med seks skot, peiker alle bevis mot ein mistenkt som sitt i politiet sin varetekt. Under avhøyra kjem han berre med ein einaste kommentar: "Få tak i Jack Reacher!". Dermed startar ei intens jakt på sanninga, som sett Jack Reacher opp mot ein uventa fiende - ein fiende som ikkje skyr nokon midlar for å beskytte sine hemmelegheiter. Filmen er basert på romanserien til New York-forfattaren Lee Child.



### OPPDRAK NEMO (NO. TALE 3D)

Animasjon 1 t. 48 min. 7 år

Marlin, Dory og Nemo gjer seg klar for enda eit eventyr på det store lerretet - denne gongen i Disney 3D. Mot og familie står i sentrum når vi blir med klovnfisken Marlin og den hjelpsame kompanjongen hans Dory på leitinga etter Marlin sin kidnappa son Nemo. Ei reise som byr på mange vanskar for rollefigurane i deira møte med så vel sjøfugl som kloakkanlegg og menneske. Originalfilmen frå 2003 vann Oscar for beste animerte film og nominert i tre andre kategoriar.



### GANGSTER SQUAD

Gangsterdrama 1 t. 52 min. 15 år

Los Angeles, 1949. Politikorpset LAPD kjempar ein tøff kamp for å beskytte byen mot amerikansk austkyst-mafia i dette storslåtte gangsterdramaet med Ryan Gosling, Sean Penn, Josh Brolin og Emma Stone. Den omsynslause, gangsterkongen Mickey Cohen frå New York (Penn) køyrer showet i LA. Han haustar fruktene av byen sin narko- og våpenhandel, for ikkje å snakke om pengar frå prostitusjon - og når han får sjansen - alt han kan sope inn frå kvart einaste veddemål inngått vest for Chicago. Han får jobbe i fred og ro, godt beskytta av sin faste gjeng, i tillegg til politimenn og politikarar han har si klamme hand over.



### LES MISÉRABLES

Filmmusikal 2 t. 37 min. 11 år

Stjernespekka filmatisering av Victor Hugo sin store klassikar, med blant andre Anne Hathaway, Hugh Jackman, Helena Bonham Carter og Russell Crowe i rollene.

Les Misérables er filmversjonen av den populære, globale scenesensasjonen, som er sett av meir enn 60 millionar i 42 land - og på 21 ulike språk - over heile verda. Framleis slår musikalen nye rekordar i sitt 27. år. Gjer deg klar for ei stor musikk-filmoppleving.



### DJANGO UNCHAINED

Western/Drama 15 år

Django Unchained utspeler seg i sørstatane to år før den amerikanske borgarkrigen. Oscar-vinnaren Jamie Foxx har hovudrolla som Django, ein slave som på grunn av den brutale forhistoria med den tidlegare eigaren hans, kjem ansikt til ansikt med den tyskfødde dusørjegeren Dr. King Schultz (Christoph Waltz). Schultz er på sporet av dei brutale Brittle-brødrene, og berre Django kan føre han til dei. Den uortodokse Schultz kjøper Django med eit løfte om å sette han fri når dei tek Brittle-brødrene - døde eller levande. Manus og regi er ved Quentin Tarantino

VI TEK ATTERHALD OM ENDRINGAR I KINOPROGRAMMET.

Kultur  
rabatt

# Aktivitetar

## 2.1. KL. 13.30. ONSDAGSTREFF. ORIENTERING OM DEI NYE BYGDEBØKENE.

Norunn Holten og Siv Snekvik kjem og fortel om korleis dei går fram for å skriva dei nye bygdebøkene for Surnadal. Eit interessant og viktig tema for oss i dag, men kanskje mest for framtida.

## 12.1. KL. 13.00. VINTERSYN. OPNING AV KUNSTUTSTILLING.

«Kristian Finborud er utdannet ved Skien Tegne- og Maleskole og Statens Høgskole for Kunsthandverk og Design. Han arbeider som grafiker på Voss. Med teknikker som etsning og aquatint, har han blitt kjent for sine humoristiske motiver, karikaturer av norsk folkesjel, så vel som landskapskildringer. Motivene kommer frem gjennom en karakteristisk skisseaktig strek, som sammen med en klar komposisjon og nesten abstrakte naturskildringer, skaper formspråket han er kjent for.»

Kunstnaren vil vær til stades.

Utstillinga er open i perioden 12. – 27. januar 2013.

## 18.1. 19.00. NYTTÅRSKONSERT. TRONDHEIMSOLISTENE.

TrondheimSolistene kjem hit for å halda den 10. nyttårskonserteren for oss!! Dette er stort og ærefullt for oss, at dei vil hit år etter år, dei som er vande med å spela verda rundt for eit stort publikum. Kanskje det er græt å bakels som lokkar, det får dei nemleg servert kvar gong dei er her. Kanskje dei tykkjer at vi er eit bra publikum? At Steinar og Anders Larsen er med, skadar vel heller ikkje.

Ein ting er i alle fall sikkert, det er kvalitet over det dei framfører. Men det er også ein lett tone med mykje lun humor, det er tydeleg at dei har det bra i lag på scena.

Også i år er Svorka Energi ein stor og god samarbeidspartner. Med den økonomiske støtta frå dei er det mykje tryggare å arrangera ein slik konsert. Stor takk til Svorka Energi !

## 26.1. KL. 18.00. IDRETTENS FESTKVELD.

Surnadal idrettsråd arrangerar, i samarbeide med Surnadal Idrettsvekt, i år som i fjor Idrettens Festkveld. Festkvelden vil bli gjennomført etter inspirasjon i frå den internasjonale Idrettsgallaen. Kommunens idrettsheltar skal hedrast med tre prisar: Årets prestasjon, Årets ildsjel og Publikums hederspris.

I tillegg til å heidre lokalidrettens «heltar», blir det lett underholdning undervegs, med lokale talantar. Som fagleg innhald vil vi år setta fokus på motivasjon og inspirasjon. I den samanheng er Egil Søby inneigd for å gie oss ein solid dose motivasjon med sitt innlegg «Det sitter mellom ørene». Egil Søby er olympisk meister, og har blant anna VM og EM gull i kajakk. Han har heldt motivasjonsforedrag sidan 1972, og på heiltid sidan 1995. Fleire enn hundre tusen mennesker har høyrte Egil Søby, og fleire tusen bedrifter og foreningar har benytta hans tjenester dei siste 40 år.

Surnadal Idrettsråd har som standpunkt at alle arrangement med tilknytning til idretten skal være alkoholfritt, serveringa vil dermed i år bli alkoholfri aperitiff med enkel fingermat og frukt i pausen. Etter arrangementet er det muligheit for alle til å fortsetta kvelden på Vårsøg Hotell, her byr Vårsøg Hotell på mat og drikke som kan bestillast saman med billetten til festkvelden.

Vi ynskjer alle hjartelig velkomne til årets Idrettens Festkveld!

## 29.01 KL. 19.00 ERVINGEN – IVAR AASEN. – SONGSPEL TIL SPRÅKÅRET 2013.

I år, eitt år for 200-årsjubileet for grunnlova vår, feirar vi det nasjonale språkåret. Vi set fokus på heile vår språklege arv: talemåla med alle sine variantar, dei nasjonale skriftspråka våre, minoritetsspråka. Ivar Aasen er eit ruvande namn i historia vår, omstridd og genial. Framsyninga i Kulturhuset er ei oppsetting av teatergruppa Vinjeproduksjonar, og tek utgangspunkt i eit songspel som Aasen skreiv for teatret midt på 1850-talet. Det var ei historie om den utflytta bygdeguten Åmund, som vender heim att og må kjempe for odelsretten sin og jenta som han er glad i. Den nye oppsettinga gjer "ervingen" til ein symbolfigur for Ivar Aasen og hans idear. Mange av dei kjente Aasen-songane er med i stykket, nokre med opphavlege folketonar, andre nykomponerte av Ruth Oline Lødemel, som spelar jenta på odelsgården. Vinn Åmund jenta og garden sin? Ivar vann ikkje prinsessa, men kanskje vann han kongeriket?

Stykket blir spela ved 100-årsjubileet for Det norske Teatret i oktober, men går no som premiereturne i Møre og Romsdal. Surnadal Heimbygdlag er medarrangør og gjev 10.klassingane og vidaregåande elevar ei eiga framsyning i skuletida.

## 30. 01. KL. 11.00. SENIORUNIVERSITETET FOR INDRE NORDMØRE.

Lege og professor Inggard Lereim besøker barndomsbygda si, og skal snakke om idrettsmedisin, doping, VM- og OL-arrangement, pluss om sitt personlege forhold til Surnadal.



BIBLIOTEKET

Opningstider:	Måndag	11.00 – 19.00
	Tysdag	11.00 – 16.00
	Onsdag	11.00 – 19.00
	Torsdag	11.00 – 16.00
	Fredag	11.00 – 15.00
	Laurdag	11.00 – 14.00

Todalen filial. (Todalen skule)

Torsdag 18.00 – 20.00







# DAGPAKKE VARSØG 390,-

Møterom inklusive teknisk utstyr og gratis Internett  
Konferanseblokker og penner • Dagens 2-retters lunsj  
Kaffe & te hele dagen • Fruktpause • Kakepause  
Europas reneste vann i møterommet

Min. 10 personer tom 28.2.13



## DER DU ER...



Iren Krangnes Berset  
Kunderådgiver



Morten Løvik  
Kunderådgiver



Stig Sæter  
Daglig leder

Gjensidige har erfaring med forsikring siden 1849

Ha en fin,  
**TRYGG**  
høst

**1500,-** i tilskudd  
ved inngåelse av EI-avtale (gjelder nye og gamle kunder)

**-20%** på husforsikring  
ved godkjent EI-anlegg (gjelder nye og gamle kunder)

Besøksadr.: AMFI Surnadal • Sentralbord: 03100

[www.gjensidige-surnadal.no](http://www.gjensidige-surnadal.no)

**Bygdas eget forsikringsselskap**



	Dag	Dato	Kl	Forestilling	Sal	Alder	Tid	Dette skal eg på (Set X)
Veke 1	Ons	2	13.30	Onsdagstreff – Orientering om bygdebokprosjektet	Kammerset	Alle		
	Ons	2	18.00	Historien om Pi (3D)	Kammerset	11	2.05	
	Ons	2	20.30	Historien om Pi (3D)	Kammerset	11	2.05	
	Fre	4	18.00	Historien om Pi (3D)	Kammerset	11	2.05	
	Fre	4	20.30	Jack Reacher	Kammerset	15	2.10	
	Søn	6	18.00	Historien om Pi (3D)	Kammerset	11	2.05	
	Søn	6	20.30	Jack Reacher	Kammerset	15	2.10	
Veke 2	Ons	9	18.00	Historien om Pi (3D)	Kammerset	11	2.05	
	Ons	9	20.30	Jack Reacher	Kammerset	15	2.10	
	Fre	11	18.00	Oppdrag Nemo (no. tale 3D)	Kammerset	7	1.48	
	Fre	11	20.30	Gangster Squad	Kammerset	15	1.52	
	Laur	12	13.00	Opning av kunstutstillinga Vintersyn	Finstuå			
	Søn	13	18.00	Oppdrag Nemo (no. tale 3D)	Kammerset	7	1.48	
	Søn	13	20.30	Gangster Squad	Kammerset	15	1.52	
Veke 3	Ons	16	18.00	Oppdrag Nemo (no. tale 3D)	Kammerset	7	1.48	
	Ons	16	20.30	Gangster Squad	Kammerset	15	1.52	
	Tor	17	09.00	Næringslivsdag - Surnadal Sparebank	Storstuå	Alle		
	Fre	18	18.00	Oppdrag Nemo (no. tale 3D)	Kammerset	7	1.48	
	Fre	18	19.00	Nyttårskonserter med TrondheimSolistene	Storstuå	Alle		
	Fre	18	20.30	Les Misérables	Kammerset	11	2.37	
	Søn	20	18.00	Oppdrag Nemo (no. tale 3D)	Kammerset	7	1.48	
	Søn	20	20.30	Les Misérables	Kammerset	11	2.37	
Veke 4	Ons	23	18.00	Oppdrag Nemo (no. tale 3D)	Kammerset	7	1.48	
	Ons	23	20.30	Les Misérables	Kammerset	11	2.37	
	Fre	25	18.00	- filmtittel ikkje klar	Kammerset			
	Fre	25	20.30	Django Unchained	Kammerset	15	1.52	
	Laur	26	18.00	Idrettens Festkveld	Storstuå	Alle		
	Søn	27	18.00	- filmtittel ikkje klar	Kammerset			
	Søn	27	20.30	Django Unchained	Kammerset	15	1.52	
Veke 5	Tor	29	19.00	Ervingen – Ivar Aasen	Storstuå	Alle		
	Ons	30	18.00	- filmtittel ikkje klar	Kammerset			
	Ons	30	20.30	Django Unchained	Kammerset	15	1.52	

## Faste arrangementer Mykje å glede seg til

Seniordansen;  
kvar tirsdag, 11.00 – 13.00  
Tordenskjold Songlag;  
kvar onsdag, 19.00 – 23.00  
Eldre hjelper eldre;  
kvar fredag, 11.00 – 13.00  
Onsdagstreff;  
første onsdag i  
kvar månad, 13.30 – 15.30

2.2.kl. 17.00. Ungdomens Kulturmonstring.  
5.2.kl. 19.30. Rockekonsert med kulturskolen.  
6.2.kl. 12.30. Onsdagstreff.  
8.2.-17.2. «Nytt liv langs Surma» Utstilling ved Georg Øye Arkitektkontor.  
8.2.kl. 19.00. Dag Sørås. Stand-up.  
16.2.kl. 17.00 og 21.00. Surnadals hyllest til Pink Floyd.  
25.2.-28.2. Russerevy. «Surnadalsrussn ut tå kurs»  
18.2.-28.2. Kunstutstilling ved Elin Aasland og Heidi Hestnes.

6.3.kl. 13.30. Onsdagstreff.  
8.3. Kunstutstilling med Kari Mæle Løge.  
9.3.kl. 13.00. Barnas Kulturhusdag.  
13.3.kl. 19.00. «Give me 5» Konsert med 5.klassingane.  
16.3.kl. 19.00. Konsert med Frode Alnæs m/band.  
21.3.kl. 18.00. «Grieg i 100» Forestilling med kulturskolen.  
21.4.kl. 19.00. Konsert med Vamp.

## Ut ein tur?

### Musters

Smakfulle rettar som varmar!  
Nytast saman med god drikke, varm eller kald, og kanskje med eit brettspel til.  
Har du prøvd vår signaturrett Ølbraiserte spareribs?

### Lille-laurdag

Grov, heimelaga Mustersburger og brus for kun kr 120,-

Onsdag 18.00 – 24.00  
Fredag/laurdag 18.00 – 02.00

### Horisonten Restaurant

Ny meny frå 07.01!  
Lokale råvarar pregar menyen. Med fokus på friske og reine smakar.

A la carte  
Man – tirs: 18.00 – 22.00  
Torsdag 18.00 – 22.00

Vi tek sjølvsagt imot bestillingar i restauranten alle dagar, og til alle tider.  
Menyar skreddarsys etter ønske og ramme  
Ring 71 65 71 00 for ein hyggeleg samtale.

### Råkk

Egen DJ kvar laurdag!

18 – års aldersgrense.

### Dette skjer ellers:

#### 18.01

Livemusikk i Sandeman Bar og Musters

#### 19.01

Open dag på Vårsøg Hotell  
Kom og sjå kva hotellet ditt kan by på av opplevsar.  
Frå kl 13.00  
Lunchbuffet

#### 26.01

Idrettens Festkveld i Surnadal Kulturhus.

Sjå vår heimeside for gode tilbud og enda meir informasjon og lik oss gjerne på facebook.  
[www.varsog-hotell.no](http://www.varsog-hotell.no)